

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Kulturavdelinga
Sak nr.: 13/4151-59

Kulturstrategi 2015 – 2018.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kulturstrategi 2015 – 2018 vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.

Vedlegg:

Kulturstrategi 2015 - 2018

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Arbeidet med ein kulturstrategi for Sogn og Fjordane vart starta opp i HK-møte i oktober 2013. Framlegg til strategi vart lagt ut til høyring i perioden 08.04.14 – 25.05.14. Hovudutval for kultur handsama høyringsinnspela i møte 17.06.14. Strategidokumentet er no endra i tråd med saka i junimøte, sak 39/14, og slik det vart orientert om i notat til HK-møte 29.10.14, og vert no lagt fram for endeleg vedtak.

Sidan vedtaket no først vert gjort seinhausten 2014 foreslår fylkesdirektøren å setje strategiperioden til 2015 – 2018.

I HK-sak 41/14 «*Drøfting av budsjett 2015 og 2016 og økonomiplan 2017 til 2019, Kultur*» av 27.08.14 vedtok hovudutvalet m.a.:

«*Følgjande moment skal leggast vekt på i det vidare arbeidet med synleggjering av aktuelle utgreiingar av langsiktige tiltak:...*

- *Hovudpunkta i utkast til kulturstrategi vert lagt til grunn for utgreiingsarbeidet.*»

Fylkesdirektøren har lagt intensjonane i strategien til grunn i innspela i haustens budsjett- og økonomiplanarbeid.

2. Vurderingar og konsekvensar

Vedteken kulturstrategi gir retning og prioriteringar for kulturarbeidet frametter. Med tanke på gjennomføring og måloppnåing er det viktig at strategien vert konkretisert gjennom handlingsprogram. Her vert også koplingane til budsjett og økonomiplan gjort, noko som sikrar gjennomføring av tiltak i tråd med strategien. Fylkesdirektøren startar dette arbeidet no basert

på strategidokumentet, budsjett 2015 og målekart 2015. Eit første handlingsprogram vil kunne leggast fram for hovudutvalet i februar 2015

Omstillingsarbeidet som fylkeskommunen skal inn i, er ei særleg utfordring. Det er likevel fylkesdirektøren si vurdering at det er rett at vi slutfører arbeidet med kulturstrategien no og går vidare med handlingsprogram. Dette fordi vi både på politisk og administrativ side har rammer å halde oss til i det løpande arbeidet, og eit dokument som kan vise veg i det arbeidet som fylkeskommunen uansett skal utføre. Resultatet av omstillingsarbeidet vil vise om strategien kan ligge til grunn for arbeidet vårt heile perioden, evt vil måtte justerast noko, eller om det skulle oppstå ein situasjon der heile strategidokumentet må takast opp til ny handsaming før perioden er omme.

I høyringa til kulturstrategien kom det fleire innspel der samarbeidspartnarane ønskjer å uttale seg til handlingsprogrammet. Kommunane var i særleg grad talsmenn for dette. I ein regional plan ville eit handlingsprogram vere ein del av høyringa. Kulturstrategien skal vere det overordna styringsdokumentet for fylkeskommunen sitt kulturarbeid. Dokumentet har ikkje nokon formell status i planhierarkiet. Ut frå dette ser ikkje fylkesdirektøren behov for høyringsrunder knytt til handlingsprogrammet. På andre sida er det fylkesdirektøren si vurdering at gode innspel i tidlegare fase i arbeidet, kopla opp mot den løpande dialogen med kommunar, organisasjonar og institusjonar vil gi godt grunnlag for å utvikle dei årlege handlingsprogramma innan dei til ei kvar tid gjeldande økonomiske rammene.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner at kulturstrategien gir god retning og prioriteringar for kulturarbeidet i Sogn og Fjordane dei næraste åra. Det er viktig for å kunne gjennomføre måla i strategien og for å vere føreseielege ovanfor samarbeidspartnarane at arbeidet no vert vidareført og følgt opp gjennom handlingsprogram.